



Jan Frank Christiansen takkar seg for som AFA-leiar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det vart før jul ansatt ny leiar for AFA i Uskedalen etter Jan Frank Christiansen, som skal flytta heim til Bergen.**

Den ansatte har etter nærare vurdering og av helsemessige grunnar sagt nei takk til jobben, får uskedalen.no

opplyst. Den blir no utlyst ein gong til.

Det var 11 som i førre runden søkte på stillinga etter Christiansen og dei søknadane gjeld framleis. Dei fleste var frå Kvinnherad kommune, men det var også nokre frå andre stader. No er også nye søkjarar velkomne.

Kvinnherad kommune er hovudaksjonær i denne pionerbedrifta, som sysselset 24 yrkeshemma arbeidstakarar.

Det er lagt opp til ei overlappingsfase slik at overgangen til den nye leiinga kan gå så smidig føre seg som mogeleg. Christiansen vil så takka for seg når denne fasa er over til sommaren.

Av Ola Matti Mathisen